



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 6 sept. 2023

Om motorisert ferdsel i Geitådalen i Åmotan-Grøvdalen LVO

Friluftslivs- og naturvernorganisasjonane i Møre og Romsdal (FNF) har ved fleire høve gjort kommunane i fylket og andre merksame på dei negative konsekvensane av å ha frilslepp av snøskuterkøyring. Vidare har vi påpeikt at i Noreg ønskjer dei fleste å favorisere det enkle friluftslivet og at område utan støypåverknad er ein svært verdifull kvalitet som det er viktig å ta vare på. FNF har bedt om at ein er bevisst det ansvaret vi har for å føre vidare dei gode norske friluftstradisjonane basert på ein ikkje-motorisert ferdsel i norsk natur.

Vi legg til grunn at loverket i Norge er laga for at naturen skal vere fri for motorferdsel med unntak av berre dei mest samfunnsgavnlege behov. Med dette som utgangspunkt er vi vorte merksam på ei rettsleg avgjerd avsagt den 28 mars i år i Møre og Romsdal Tingrett (Sak nr.: 23-046927TVI-TMOR/TKRU, sjå vedlegg). Vi har prøvd å få innsyn i dokumenta som høyrer til saka, men har fått avslag på begjæringa om innsyn (sjå vedlagt epost). Vidare har vi fått opplyst av Møre og Romsdal jordskifterett at det pr 25 august 2023 ikkje er meldt inn nokon jordskiftesak knytt til denne saka (sjå vedlagt epost). Ut frå det innsynet vi har fått i denne



saka ser vi fleire forhold som ålmenta har interesse av. **Vi ber difor med dette om ei tilbakemelding med vurdering frå Miljødirektoratet på følgjande spørsmål;**

1. I motorferdselslova § 10.(forholdet til grunneiere o.a.) står det at;
«Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom.» Er det slik at grunneigar ikkje kan nekte motorisert ferdsel på sin grunn ?
2. Er det rettsleg dekning for å påberope seg hevd knytt til motorisert ferdsel ?
3. Er det slik at om ein grunneigar nektar motorisert ferdsel på sin grunn så risikerer grunneigaren å måtte betale saksomkostningane til motparten ved ein eventuell rettstvist ?
4. Er veglovens § 53 ein grei lovheimel til å avgjerde ei sak om motorisert ferdsel på snødekt mark inn i eit verneområde ?
5. Korleis skal avveginga av hyttefolket sine interesser opp mot naturmangfoldslova og villreinen sine interesser handterast i ei sak knytt til motorisert ferdsel inn i verneområdet (LVO) ?
6. Kva saksbehandling i kva slags offentleg organ og etter kva lovverk rår Miljødirektoratet til ein situasjon der ein har søknad om motorisert ferdsel inn i eit verneområde, der det er villreinstamme som treng eit ekstra vern, og ein veit at det er grunneigar som nekter motorisert ferdsel ?

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg: Dom avsagt den 28 mars i år i Møre og Romsdal Tingrett - Sak nr.: 23-046927TVI-TMOR/TKRU

Kopi: Sunndal kommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal, Dovrefjell Nasjonalparkstyre, Holth og Winge AS